



Velkommen til Flatene SFO

Informasjon til føresette og barn 2021-22



Ved Flatene SFO vil vi:

- Sette lek og aktivitet i fokus
- At barna skal få positive opplevingar kvar dag
- Sjå kvart enkelt barn sine behov
- Gje barna høve til medverknad
- Vere tydelege og tilgjengelege vaksne,
som har tid til å lytte og snakke med barna kvar dag
- Lære barna å ta omsyn til kvarandre
- Ha god dialog og informasjon til føresette

Flatene SFO:

SFO er et tilbud for barn på 1.-4. steg, og for barn med funksjonshemming på 1.-7.steg. Målet for arbeidet i SFO er forankra i statlege dokument, og vedtektene for SFO i Sunnfjord kommune.

Vedtektene finn de på www.sunnfjord.kommune.no

Nytt av året er rammeplan for SFO. Det er ein forpliktande plan som skal sørge for at alle barn får eit godt SFO tilbud, uansett kor dei bur.

Rammeplanen skal ivareta det lokale handlingsrommet, eigenarten og tradisjonane hos den enkelte SFO. Dermed kan kvar SFO halde fram med å gjere det dei er gode på, i tillegg til å bruke rammeplanen som arbeidsverktøy for å gjere tilbudet endå betre.

Les meir om Rammeplan for SFO på www.udir.no

SFO skal bygge på skulen sitt verdigrunnlag, kommunale målsetjingar og skulen si pedagogiske plattform. Vi skal jobbe for heilskap og samanheng mellom skule og fritidsdel. SFO skal gi barna et variert fritidstilbod, legge til rette for leik, sosial læring, fysisk aktivitet og friluftsliv med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser. Vi skal veksle mellom frivillige og styrte aktivitetar inne og ute. SFO skal gi barna omsorg og tilsyn. Vi ynskjer å gi barna eit kvalitativt godt tilbud.

Flatene SFO har eigen årsplan.

Organisering:

På Flatene har vi SFO på raudt, blått og grønt hus.

I følgje vedtektene i Sunnfjord kommune skal vi ha opningstider i SFO 07.00- 16.30.

Frå august-21 går det 146 barn i SFO.

Raud SFO: har barn frå 1A, 1B. Til saman 41 barn

Blå SFO: har barn frå 2A og 2B. Til saman 35 barn

Grøn SFO: har barn frå 3A, 3B, 3C, 4A og 4B. Til saman $42+28= 70$ barn

Morgon SFO:

Vi har morgon SFO frå 7.00-9.00. Barna har høve til å ete medbrakt frukost på morgon SFO. Barna er ute mellom klokka 8.40-9.00.

Ettermiddag SFO:

byrjar kl 12.30, 13.30 eller 14.30. (jfr timeplan skule) Etter avslutta skuledag kjem barna til SFO. Vi har meldebøker mellom skule og SFO, med oversikt på kven som har SFO tilbod dei ulike dagane. Det er viktig at vi får skriftleg melding dersom det vert endringar.

Søknadsfristar til SFO:

Sunnfjord kommune har elektronisk påmelding til SFO gjennom Visma Flyt Skole. Lenkje til søknadsskjema finn du på skulen si heimeside eller Sunnfjord kommune si heimeside.

Søknadsfrist for hovudopptak 01. april.

Ein nyttar Visma til søknad, endring til mindre eller større SFO tilbod og oppseiing av tilbod. I tillegg til elektronisk søknad må de fylle ut papirskjema som de får på SFO. Dersom eleven skal vidareføre same tilbod som før, treng de berre å fylle ut dette papirskjemaet. Dette skal returnerast Flatene skule. SFO tilbodet gjeld heilt til det vert endra eller sagt opp, og vert automatisk avslutta etter 4.kl.

Det er 1 mnd. oppseiingsfrist i SFO på heile, eller deler av tilbodet, frå den 1. i mnd. Det er ikkje høve til og seie opp, eller redusere tilbodet etter 1. april (oppseiing må vere sendt 31.mars)

Endringar av kryss innanfor tilbod kan ein avtale med baseleiar eller SFO-leiar. Det er ikkje høve til å kjøpe timar i SFO, men enkeltdagar, kr 315.- pr dag.

Oversikt tilbod og pris pr 01.01.21

Tilbod	A	B	C	D	E	F
Timar	*		Inntil 20 t	Inntil 15 t	Inntil10 t	Inntil 5 t
Pris	3280.-	2945.-	2525.-	2125.-	2050.-	1225,-

*** A tilbod er før og etter skuletid + feriar i skuleåret.**

Gebyr :

§8 Vedtektene til Sunnfjord kommune: Dersom barn vert henta etter påmeldt kjøpetid, må foreldre/føresette betale gebyr for kvar påbegynte halvtime. Gebyret vert fastsett av kommunestyret.

Skuleferiar i SFO:

ALLE barn med **A-F**-tilbod må melde seg på / søkje om plass i ferie SFO. Påmelding er elektronisk i Visma. **Merk deg søknadsfristane. Dei barna som ikkje har levert påmelding har ikkje plass i ferie SFO.** I feriane er vi samla på ein SFO. Vi har eigne planar og tilbod til barna i ferievekene.

Leksetid i SFO:

Flatene skule tilbyr leksetid til elevane på 3., 4. og 5.klasse. Leksetid er gratis og frivillig og vil føregå i skulen sine lokale utover ordinær undervisningstid med assistent. At leksene blir gjort, og kvaliteten på dette arbeidet er eleven sitt ansvar.

Sjølv om skulen gir tilbod om leksetid er det viktig å **presisere** at **føresette** har hovudansvaret for å følgje opp eleven sine lekser. Vi oppfordrar alle føresette til å engasjere seg i leksene, og på den måten vise barnet at skulearbeid er viktig.

Eleven sitt ansvar:

1. Møte presis til leksetid.
2. Ha med lekseplan/vekeplan, riktige bøker og skrivesaker.
3. Jobbe konsentrert med leksene, ikkje forstyrre og uroe andre!

Ved brot på punkt 3 vil eleven få ei munnleg åtvaring. Om det gjentek seg fleire gonger vil skulen kontakte føresette raskt. Elevar kan miste tilbodet om leksetid.

Føresette sitt ansvar:

1. Gå gjennom leksene saman med barnet og vurdere om kvaliteten er god nok.
2. Øve leselekse saman med barnet.
3. Hjelp eleven til å ferdigstille leksene.

Skulen sitt ansvar:

1. Ha assistentar som er aktive og støttar elevane i leksearbeidet.
2. Leksene skal vere frå lærestoff som er gjennomgått på skulen

Denne avtalen er bindande. Både føresette og skulen kan seie opp avtalen skriftleg.

Tid	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	
07.00–08.00						
08.00–09.00			Leksetid 3., 4., 5.kl	SFO		
09.00–10.00	Skule 9.00-13.30	Skule 09.00-14.30	Skule 9.00-12.30	Skule 09.00-14.30	Skule 9.00-12.30	
10.00–11.00						
11.00–12.30						
12.30–13.30						
13.30–14.30	Skule 2.og 5.kl	Lekseti d 3.og 4.kl	S F O			
14.30–15.30	Leksetid 5.kl					
15.30–16.30						

3.kl startar med leksetid **veke 42**. Meir info på 1.foreldremøtet i haust.
Viktig å merke seg: Dei elevane i 3.klasse som ikkje har SFO 13.30-14.30 må gå heim/ bli henta kl 13.30 måndagar fram til veke 42. Unntak er elevar som tek buss til Ulltang/ Solheimsdalen

Oversikt på ferieSFO og søknadsfristar:

Skuleferiar 21/22	Dato for ferieSFO	Søknadsfrist
Haustferie	11.-15.oktober	26.09.21
Elevfri dag	12.november	
Juleferie	22.-23.desember, 27.-30. desember	05.12.21
Vinterferie	21.-25. februar	06.02.22
Elevfri dag	18.mars	
Påskeferie	11.-13.april	27.03.22
Elevfri dag	27.mai	
Sommarferie SFO		01.05.22

Viser til skuleruta på sunnfjord.kommune.no

Planleggingsdagar i SFO:

12.og 13. august-21	SFO er stengt
12.november-21	
18.mars-22	
27.mai-22	

SFO har 5 planleggingsdagar i løpet av skuleåret.

Sommar SFO:

Det er eige sommarferietilbod i Sunnfjord kommune. SFO er stengt 4 veker i juli. Alle elevar kan søkje om sommarferietilbod i SFO. Søknaden er elektronisk i Visma, og **fristen er 1.mai**.

Litt om innhaldet i SFO kvardagen:

Den frie leiken står sentralt i SFO-kvardagen. SFO er barna si fritid, og deira val skal danne grunnlaget for aktivitetane. Vi har eit godt utval av leiker og spel på SFO, som innbyr til rolle, regel og konstruksjonsleik. Vi er opne for barna sine innspel og forslag så langt det er mogleg.

Personalet ved Flatene SFO har klare haldningar til barn og leik:

- Personalet skal vere positive og ha respekt for barns ynskje om leik
- Vi skal legge til rette for leik
- Vi skal **sjå dei barna** som treng hjelp til å komme inn i leiken
- Leik utviklar barna sin sosiale kompetanse
- Leik gir barn utfordringar og kunnskap for livet

Fysisk aktivitet: SFO har faste dagar til aktivitetar i gymsalen på ettermiddag-SFO. Vi er ute og leikar kvar ettermiddag på SFO. Vi spelar fotball, brentball, klatrar, hoppar tau og paradiso. Er det snø akar vi, går på ski eller lagar snøborg. I periodar arrangerer vi turgrupper eller turneringar og tek i bruk skulen sitt nærmiljø.

Fordeling av tid i gymsal:

	Frå klokka	SFO:		
Måndag	14.30	Raud SFO		
Tysdag	14.30	Grøn SFO		
Onsdag	13.30	13.30-13.45 Raud SFO	13.45- 14.30 Grøn SFO	14.30-15.15 Blå SFO
Torsdag	14.30	Blå SFO		
Fredag	14.30	Grøn SFO		

Musikk: Vi brukar musikk både ute og inne. Barna har høve til å lage oppvisning med dans og drama. Vi ser film av og til, gjerne i samband med feriar.

Forming: Barna får tilbod om ulike formingsaktivitetar i SFO. Vi er opptatt av at barna skal ha tilgang på ulikt formingsmateriell slik at dei kan bruke sine kreative sider.

Matlaging: Vi har ikkje faste matdagar i SFO. I periodar har vi planlagde dagar der vi lagar mat og kosar oss. Vi har som mål at barna skal vere med å lage den maten vi lagar og et på SFO. Det er viktig at barna har med seg nok niste til skule og SFO dagen.



Tilstellingar i SFO:

- **Solfest 09. februar:** Vi feirar sola når den kjem til Flatene i byrjinga av februar, med ein gul, kul fest ☺ Alle barn med SFO tilbod vert invitert.
- **Avslutning for 4 steget:** I juni lagar vi til ei eiga markering for SFO barn på 4 steget. Vi kjem tilbake med dato og invitasjon.
- SFO har eigen årsplan, her vil det kome fram kva tema og tilbod vi har gjennom året.

Diverse informasjon:

Leiker med på SFO: Barna har **ikkje** høve til å ta med eigne leiker på skule og SFO. Unntak kan vere ferie-SFO då barna m.a kan ta med sykkel, rulleskøyter og liknande. Dette vert opplyst om i eige skriv før feriane.

Kle og sko: Barna nyttar same garderobeplass i skule og SFO. Det er svært viktig at alle barna har med innesko som dei kan bruke i skule og

SFO. Barna må ha med seg nok bytekledde, og gode kle til å vere ute i. **Vi set stor pris på at de merkar barna sine kle med namn!**

Telefon og hentetider

I SFO ynskjer personalet å ha fokus på barna og gode aktivitetar. Vi har ikkje høve til å ta telefonen i heile SFO tida.

Faste meldingar

Viser til skjemaet « korleis kjem eleven seg heim» etter skule og SFO. Faste meldingar gjeld frå veke 33. Dersom det er endringar ber vi om at de sender melding i ranselpost med dato og underskrift dersom barnet skal gå til andre tider enn det som er fylt ut på faste meldingar. Vi kan sende barn som skal gå åleine heim **kvar halv og heil time.**

Samarbeid med føresette:

Vi ynskjer å ha eit godt samarbeid med føresette!

Ved Flatene SFO skal du møte:

- Positive og engasjerte vaksne som ynskjer å ivareta barna på ein best mogleg måte
- Vaksne som set grenser og gir barnet tryggleik
- Vaksne som tilrettelegg for leik og eit godt aktivitetstilbod
- Vaksne som tek på alvor og følgjer opp saker frå føresette

Flatene SFO har følgjande forventningar til føresette:

- Ver tydeleg og sei i frå når barna kjem og vert henta på SFO
- Vis interesse og engasjement i høve barna sin SFO kvardag
- Barna må ha med høvelege kle og sko, og nok mat til ein heil SFO og skule dag
- Les informasjon og følg opp avtaler/meldingar med SFO
- Føresette i samarbeid med SFO lærer barna respekt for leiker og utstyr

Kvar finn eg informasjon om SFO?

- Du finn kvar veke eigen SFO informasjon på vekeplan i skule.
- Kom innom oss på SFO dersom du har spørsmål eller informasjon om barnet ditt.
- Vi har ikkje fastlagt foreldresamtaler i SFO, men gir tilbod om det ved behov.

Personalet på Flatene SFO 2021-22:

☺ SFO-leiar: Magnhild Gutubø

Raud SFO: 1. steg:

- ☺ Baseleiar: Malin Brun Moe
- ☺ Nina Johanne Vallestad
- ☺ Birgitte Flaten Steinhovden
- ☺ Vegard Lofsnes
- ☺ Eirik Molland
- ☺ Mathilde Berg Johnsen

Blå SFO: 2. steg:

- ☺ Baseleiar: Marita Nesthun
- ☺ Inger Johanne Olset
- ☺ Linda Solsvik
- ☺ Sander Aamelfot

Grøn SFO: 3. og 4. steg:

- ☺ Baseleiar: Benny Rivedal
- ☺ Janniche Hoff Strand
- ☺ Cesilie Storhaug Herstad
- ☺ Sonja Venjum
- ☺ Aud Skålvik
- ☺ Sandra Mandelid

Telefon nr til skulen:

Sentralbord	SFOleiar	Raud SFO	Blå SFO	Grøn SFO
57720820	57720822	40445019	40445018	40445020

Ved elevfråver: 48 01 04 43 (sjå eige info skriv)